

Elisabeth Kristensen,
torsdag. Olav Stedje,
laurdag.

VÅGSØY

Jibben: Trubadur Eivind
Johansen, onsdag og
torsdag. Trubadur Geir
Rønning, fredag.

KONSERT

ÅLESUND

Borgund kirke: Langfre-
dagskonsert med Randi
Synnøve Røssaak, sopran,
Marc Labrujere, orgel, m.fl.

VOLDA

Rokken: Red Roosters,
torsdag.

TEATER/REVY

VESTNES

Tresheim Ungdomshus:
«Ei porke tå kore slaja»,
måndag-onsdag.

FRILUFTSLIV

STRYN

Bjørkelibakkane: Nakkjen
Ned, torsdag.

Stryn: Rundløypa ned, laur-
dag.

DIVERSE

STRANDA

Storfjord kulturhus:
Strandaquiz'n, onsdag.

ØRSTA

Aasen-tunet: Påskefest
med Lurivar, måndag-ons-
dag.

HERØY

Herøy kulturhus: Lan,
måndag.

STRYN

Hotel Alexandra: Klovnen
og tryllekunstnaren Paul
Rocks, mandag-laurdag.

Verken/eller

• Framsyninga «Uhørt goes Broadway

MUSIKAL

Ikkje er dei eit kor. Ikkje eit teater. Ikkje ein dansetrupp eller fritidsklubb heller. For å vere ærleg veit vi ikkje heilt kva dei er. Vi veit berre at Uhørt er frykteleg flinke.

Under UKM på Vatne nyleg fekk publikum ein ørliten forsmak på kva som var i gjære. Då lukta vi lunta, for å seie det slik.

Laurdag serverte dei så alle rettane sine i tur og orden, i showet «Unity – Uhørt goes Broadway». Tilstrøyminga til Ingebrigt Davik-huset var såpass at det måtte to framsyningar til.

Dei presenterer seg sjølve som ei gruppe unge frå Haram frå tretten og oppover til pluss/minus tjue.

«Litt av ideen bak Uhørt er at det skal vere ein plass der alle skal få lære seg å bli flinkare. Vi jobbar med å skape ei god, trygg ramme for utvikling og meistring», skriv pådrivar og primus motor Turid Skjelten i programmet.

Dei har halde på sia 2011, og denne framsyninga er den fjerde i rekkja.

Til «Unity» har ungdomane plukka godbitar frå både musikal og rockeopera, alt frå Cats og Les Misérables til evigunge «Grease».

Plottet er lagt inn i ei framtidssverd rundt år tre tusen og eitt eller anna, der all song og musikk er totalforbode. To gjenar med mildt sagt snåle karakterar lever side om side, med eit assortert utval trefningar og forsøk på å nærme seg kvarandre. Ikkje alle like heilhjarta.

Mennesket har heller ikkje etter år tre tusen og eitt eller anna lagt av seg jåleriet i jakta på det «perfekte». Å vere ein del av ein fellesskap har visst enno sin pris, langt der framme.

Moralen ser ut til å liggje i å vere seg sjølv. Gje litt blaffen. Så Uhørt-gjengen har visst skjont det. Elles plar slik innsikt vanlegvis melde seg ein stad mellom 37 og 42 års alder, trass i at nokre aldri lærer. Uhørt-gjengen

UNITY

• Musikaloppsetting med ungdomane i Uhørt, ei gruppe som rekrutterer frå heile Haram kommune. Showet er det fjerde i rekkja frå gruppa som vart etablert i 2011, under leing av Turid Skjelten.

• Påkosta opplegg frå å til å, med fire mann stort orkester, proff lyd og lys, og eit stort hjelpeapparat med t.d. regihjelp frå Endre Volden og koreografi ved Kristy Winspur Bårdsnes.

manuset. Han er ein av dei eldste i gjengen.

Alle framstår dyktige og uredde, men det må vere lov å trekkje fram nett unge Buitenkamp: Versjonen hans av «Bring her (him) home» er heilt framifrå, ja nesten profesjonell. Den magiske augneblinken vert då også takka av med trampeklapp.

Heilt uhørt, altså!

BJØRN HALVORSEN
bjorn.halvorsen@smp.no



INNPIKAR: Turid Skjelten er leiar og motivator for Uhørt. Ho fekk også eit songleg innsmetta laurdag.



FELLESSKAP: Grdottir, Elisabeth Viktoria Fjørtoft



er riktig så bra

-perler og eigenkomponert handling



no er desse med: Adrian Bjørlykke, Benedicte Sønnerland Hurlen, Dyon Buitenkamp, Elisabeth Nustad, Elisabet Anra Pordarsen, Kara Margret Gestsdottir, Kristiane Gabor, Linn Krogsæter, Marius Hjellev Hildre, Synne Kjærvik Jøsok, Synne Reitan og



KUNST

Gatekunst Nationnalt

Streetartkunstnerson dykket ned i arkiv og laget sy skal stilles ut i te foajé. Det skjer o 24. april. Da kan og andre interesser: gamle bilder fra stillingsarkivet fonom nye teknikk sjablongkunst sc ren bruker.

FILM

Truman-sh tv-serie

Jim Carrey-filme skal støpes om t Independent me Pictures er i ferd serie basert på d edien fra 1998. Ø så langt ikke klar så langt ikke blit TV-selskap. Jim (blant annet en G innsatsen i filme Show».



SHOW

Prøver igje